

Saksbehandlar: Geir Afdal, Bygge- og eigedomstenesta  
Sak nr.: 16/6592-1

## **Sal ballbingeområde Aurland og kjøp av naust Opplysningsvesenets Fond**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet godkjenner at areal på 3,1 daa regulert til friområde ved Aurland barne- og ungdomsskule vert overdrege til Aurland kommune for 0,3 mill. kr.
2. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen kjøper naust i Aurland sentrum frå Opplysningsvesenet Fond for 0,1 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet og kjøpet som skissert over.
4. Salssummen vert nytta til opprusting av naustet samt naudsynte eigedomsfrådelingar og gebyr.
5. Fylkesutvalet legg til grunn at kommunestyret i Aurland og Opplysningsvesenets Fond gjer vedtak som er i samsvar med dette.

### Vedlegg:

- Kartutsnitt ballbingeområde ved Aurland barne- og ungdomsskule
- Kartutsnitt naust Aurland sentrum
- Utgreiing om Prestanaustet v/ rektor SJH Aksel Hugo

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Aurland kommune har sidan 2003 leigd ein parsell (3,1 daa) hjå fylkeskommunen. Parsellen ligg tett inntil Aurland barne- og ungdomsskule og har vore nytta til aktivitetsareal med m.a. sykkelløype, kjøkkenhage og ballområde. Nyleg er det også bygt ballbinge på det same området. Aurland kommune har teke kontakt med fylkeskommunen for å få til 30-årig tinglyst leigeavtale som er kravet for å få godkjent søknad om spelemidlar til ballbingen.

Samstundes som det har vore ført tingingar om ovannemnde parsell har det og dukka opp behov for å fornye ein leigeavtale for eit naust fylkeskommunen har leigd hjå Opplysningsvesenets Fond sidan 1999.

Det er praktisk og hensiktsmessig å sjå desse relativt små sakene saman. Dette er bakgrunn for at fylkesrådmannen no fremjar saka.

### **2. Status og vurderingar**

Fylkesadministrasjonen har saman med Sogn Jord- og hagebruksskule (SJH) vurdert at det i denne samanheng er mest hensiktsmessig å skilje frå det aktuelle arealet og selje det til Aurland kommune. Arealet vil truleg ikkje komme tilbake til jordbruksmessige føremål. Arealet er og allereie omregulert frå NLF-område til friareal. Administrasjonen har som nemnd ført tingingar med Aurland kommune i saka og siste tilbod frå Aurland kommune er på kr 300 000,-.

Samstundes med tingingane om ballbingeområdet dukka behovet for å fornye ein leigeavtale for eit naust opp. Fylkeskommunen v/SJH har leigd dette hjå Opplysningsvesenets Fond sidan 1999. SJH brukar naustet som del av undervisninga, sjå vedlegg frå rektor Aksel Hugo som utdjupar dette.

I prosessen med ny leigeavtale har fylkeskommunen fått tilbod om å kjøpe naustet. Naustet ligg på eigen eigedom gbnr 12/1 i Aurland sentrum, der grensene mot fylkesvegen ikkje er avklara.

Naustet har behov for noko vedlikehald, og vi kalkulerer desse kostnadane til å kome på om lag kr 150 000,-. Arbeidet omfattar m.a. noko opprusting av frontfasaden med nye portar, drenering rundt bygget og utbetring av taket. Administrasjonen har som nemnd ført tingingar om saka og siste tilbod frå Opplysningsvesenets Fond er på kr 100 000,-.

Samla kostnader på naustet vert då 250.000,-kr. Det mellomværande frå salet (kr 50.000,-) vil gå til kostnader med frådeling og gebyr.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser det som ei god løysing å selje dette arealet ved Aurland barne- og ungdomsskule og samstundes kunne nytte midlane frå dette salet til å finansiere kjøp av naust frå Opplysningsvesenets Fond, samt naudsynt opprusting av dette. Saka ryddar opp i fleire mindre leigetilhøve og gjev ei oversiktleg og tenleg løysing for Sogn Jord- og hagebruksskule.